



«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POSTN «POSTSTED»

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2007/721	6768/2010	AOF	06.07.2010

**KOMMUNEVEGEN PÅ EIKA**  
**LÅSING AV VEGBOM PÅ GANGVEGEN MELLOM EIKSUNDSAMBANDET OG**  
**BYGDAVEGEN - TILGANG TIL OG AVTALE FOR BRUK AV NØKLAR FOR**  
**VEGBOMMEN**

Sambandet mellom riksvegen i Eiksundsambandet og bygdavegen (kommunevegen) på Eika er formelt gangveg utan høve til bilkøyning. Dette er fastsett gjennom reguleringsplanen for Eiksundsambandet – Eiksund-Eika, godkjend 02.07.1998. I samsvar med kommunestyrevedtak i Ulstein 31.01.2008, sak 08/006, er det lagt til grunn at gangvegen skal vere stengd av bom med lås, men at grunneigarar og rettshavarar på Eika kan få løyve til nyttekøyning etter fastsette reglar og på dette grunnlaget vil kunne få utlevert nøklar til bommen. Med tilvising til dette vedtaket har Eika grendalag på teke på seg å forvalte utdeling av nøklar til vegbommen på vegne av Ulstein kommune og inngått avtale om det.

I ovafor nemnde kommunestyrevedtak er det og gjort vedtak om standard på bygdavegen, som er sett til vegbreidde på 2,5 m frå vegskulder til vegskulder, og med akseltrykkavgrensing oppover til 2,5 tonn. Vegen er rusta opp i samsvar med dette og med møteplassar i rimeleg avstand. Fartsgrense på vegen er seinare sett til 30 km/t i eige vedtak.

***Følgjande reglar gjeld for tilkomst via gangvegen og for bruk av bygdavegen på Eika:***

1. Formelt er vegen mellom Eiksundsambandet og Bygdavegen (kommunevegen) på Eika gangveg. Vegen kan ikkje fritt nyttast for motorkøyretøy og skal vere stengd av bom med lås.
2. Grunneigarar og oppsitjarar kan på særlege vilkår få løyve til nyttekøyning og i den samanheng få utlevert nøklar mot å betale eit depositum på kr. 200,- og skriftleg godkjenne vilkåra for slikt løyve. Det er høve til å levere ut fleire nøklar pr. eigedom. Nøkkel skal ikkje til noko tidspunkt overlatast til uvedkomande.
3. Som nyttekøyning gjeld transport av varer og utstyr som ikkje enkelt og komfortabelt kan berast i ryggsekk eller veske, evt. på sykkel. Vidare gjeld det køyning i samband med rutinemessig drift og skjøtsel av eigedomar, eller transport av rørslehemma. Transport i samband med naudsituasjonar vil alltid vere unnateke køyreforbodet.
4. Eika grendalag administrerer nøklane etter vilkåra frå kommunen, fører til ei kvar tid arkiv over utleverte nøklar og står ansvarleg over for Ulstein kommune for dette.
5. Det er berre kommunen som har tilgang til kode for eventuell kopiering av nye nøklar og står for all supplering av nøklar.
6. Vegbommen skal til ei kvar tid vere låst utanom når køyretøy skal passerer.

7. Fartsgrense for kjøring på Bygdavegen er 30 km/t, jamfør skiltvedtak. Ut over dette pliktar førar av motorkøyretøy å vere særleg aktsam og ta omsyn til fotgjengarar.
8. Det er ikkje tillate å parkere på møteplassar langs vegen.
9. Dersom det vert gjort skade på vegen ved t.d. bruk av for tunge køyretøy, vert den som valdar skaden gjort ansvarleg for dette og må stå for naudsynt reparasjon.

Ulstein kommune gjer med dette kjent over for grunneigarar og rettshavarar på Eika at vegbommen mellom gangvegen og parkeringsplassen ved Eiksundsambandet og som gjev tilkomst til bygdavegen på Eika, vil bli låst frå og med 20. juli 2010. Vi bed derfor om at grunneigarar og rettshavarar som har behov for/ynskjer å nytte seg av tilgangen til nyttekøyring på dei vilkåra som gjeld, kontaktar Eika grendalag for registrering og utlevering av nøklar. Dette vil og verte gjort kjent gjennom annonse og omtale i lokalavisene.

Med helsing

Elling Indresøvdde  
teknisk sjef

Alv Ottar Folkestad  
miljøvernkonsulent

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde